

KONSEKVENSGREIING (KU) OG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE (ROS)

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL - ETNE KOMMUNE

OPPSUMMERING område:

Totalt vurderte område: 8

Foreslått innlemma i kommuneplan: 8

Innhaldsliste

Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).....	1
Metode for konsekvensutgreiing (KU)	2
Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	2
Sørstranda - Osvågen	7
Osnes - Matskor	12
Etnesjøen	16
Midtbygda og Sørbygda	19
Stordalen	26
Nordstranda - Skånevikstranda	32
Skånevik.....	43
Åkrafjorden.....	49

Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utvikling må ha ei konsekvensutgreiing som vurderer og skildrar planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga er grunnlagsmateriale for å vurdere om framlegg er ynskja arealbruk. Vurderingar er gjort på eit oversiktsnivå som er i tråd med kommuneplannivået.

Ein har tidlegare i prosessen silt ut ein del private innspel som fall mot politisk vedtekne prinsipp for arealforvaltninga. Prinsippa finn ein i eige dokument. Administrasjonen har vald å inkludere handsaminga av innspel som ikkje blei tekne med i endeleg plan – dette for å gi klare svar til både interessentar og forslagsstillarar.

Dokumentet inneheld vurdering og skildring av dei einskilte nye områda for framtidig utbygging med omsyn til verknader for miljø og samfunn, jf. plan- og bygningslova (pbl) §4-2 andre avsnitt. Dersom naudsynt er det òg utforma ein risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. § 4-3. Meir utfyllande grunnlagsmateriale for konsekvensutgreiing og ROS-analyse finn ein i vedlagt dokument: «Grunnlag for KU og ROS».

Eit samandrag med overordna vurdering av konsekvensar, samfunnstryggleik og ROS-analyse for heile kommunen er inkludert i eige kapittel i planskildringa.

Metode for konsekvensutgreiing (KU)

Metoden for konsekvensutgreiing er omtalt i planprogrammet og har sidan blitt konkretisert. Konkretiseringa bærer preg av at ein ynskjer eit samsvar med nabokommunar for å gjere samarbeid over kommunegrenser enklare. Ein har vald å kartlegge dei noverande verdiane knytt til samfunn og miljø for kvart einskild område før ein greier ut konsekvensane (sjå tabell 1 til høgre). Vidare har ein vurdert konsekvensane for kvart enkelt innspel etter desse temaa:


Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø	Konsekvensar for samfunn	Konsekvensar for natur
Landbruk og fiske	Overordna planar	100m-belte sjø/ vassdrag
Biologisk mangfald	Trafikkavvikling	Naturmangfald
Landskap	Trafikktryggleik	Landskap
Kulturminne/kulturlandskap	Bustadutvikling	Kulturminne/ landskap
Rekreasjon og friluftsliv	Sentrumsutvikling	Forureining
Barn og unge	Landbruk og fiske	Støy
	Anna næringsutvikling	
	Friluftsområde	
	Opphaldsområde for barn	
	Tilgjenge/universell utforming	
	Folkehelse	

For kvart område har ein gjort ei vurdering av verdien av området etter dei enkelte temaa i kolonne 1. Verdiane rangerer frå 0-1: *lokalt viktig*, 2: *viktig* til 3: *regionalt eller nasjonalt viktig*. Konsekvensane for ny arealbruk har følgd ein skala frå -2 til +2. Verdiane representerer *svært negativ*, *negativ*, *ingen konsekvens*, *positiv* og *svært positiv*. Det er i tillegg opna for kommentar til konsekvens eller tiltak. Der det finnes både positive og negative konsekvensar for endra arealbruk skal dette ha blitt kommentert der.

Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Kommunestyret vedtok metodeval og akseptkriteria for overordna ROS i sak 094/12. Vedtaket var i samband med utarbeiding av kommunedelplan (KDP) for Etnesjøen. Det vart då vedteke at «...*metodeval og akseptkriterier for ROS, skal gjelde for planarbeid i heile kommunen...*». Metodeval og akseptkriteria er presentert i heilheit i Overordna ROS for Etne – Hovudrapport, dagsett 2013. Administrasjonen har tatt utgangspunkt i arbeidet som blei gjort den gong – men har sett at ein fleire stader har måtte endre grenseverdiar og gjere særskilde vurderingar for einskilte områder.

Modellen i figuren under har vore nytta:



Figur 1 Metode for ROS-analyse

ROS-analysen skal avdekke aktuelle risikoar for farar innanfor omsøkt område – samt farar i omgjevnadene som kan ha verknad for omsøkt område. Tabellen under viser kva kategoriar som har vore vurdert i kvar einskild område. Det har vore vurdert relevans for kategoriane til kvart einskild område.

Naturfare	Menneske- og verksemdsbaserte farar
Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.
Sterk vind - storm/orkan	Forureinande/støyande verksemd
Havnivåstigning. og stormflo	Storbrann- tilgjenge for naudetat
Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat
Erosjon/isgang	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.
Skogbrann	Samlokaliseringsproblem
Terrengformasjon som utgjer særleg fare	Sårbare objekt
Radonstråling	Stråling frå kraftliner
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror
	Smittefare

Kommunen sin utarbeida ROS-analyse har satt sannsyn for dei fleste tenkelege uønskte hendingar innanfor kategoriane lista over. Ein har tilnærma seg sannsynet litt etter kor områda ligg – og kva område skal brukast til. Sannsynet vil ikkje vere det same alle stader i kommunen. Det same gjeld konsekvensane. Under er det lista opp grenseverdier for sannsyn og konsekvensar.

Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:
S4 Svært sannsynleg	Meir enn 1 hending per år.
S3 Sannsynleg	Mindre enn 1 hending per år, minst ei hending per 10 år.
S2 Mindre sannsynleg	Mindre enn 1 hending per 10 år, men minst 1 hending per 100 år.
S1 Usannsynleg	Mindre enn 1 hending per 100 år.

Konsekvensar av uønskete hendingar er kategorisert slik:

Storleik på omfang	Grad	Menneske (liv helse)	Ytre miljø (luft, vatn, jord)	Samla verdi på materielle skadar i nok.
Katastrofe	K5	Meir enn 5 omkomne	Svært omfattande øydeleggingar på større areal med varige konsekvensar for ytre miljø	Varig skadar på infrastruktur/ Skadar for meir enn 150 000 000
Kritisk	K4	2-4 omkomne Alvorlege personskadar	Svært omfattande øydeleggingar på mindre areal med varige konsekvensar for ytre miljø	Infrastrukturen er nede over lang tid, med fare for liv/ Skadar for mellom 10 000 000 til 150 000 000
Alvorleg	K3	1 omkommen og alvorlege personskadar	Alvorleg skade på areal, kan utbetrast med tiltak	Infrastrukturen er nede over kort tid, med fare for liv/ Skadar for mellom 1 000 000 til 10 000 000
Liten konsekvens	K2	Inntil 2 alvorlege personskadar	Noko skade på ytre miljø som kan utbetrast på kort sikt	Infrastrukturen er ute av drift over tid, utan fare for liv og helse/ Skadar for 100 000 til 1 000 000
Ufarleg	K1	Mindre skadar som normalt lækjer seg sjølv	Lita eller ingen innverknad på ytre miljø, små skadar som kan utbetrast innan relativt kort tid	Det er korte brot i infrastrukturen, utan fare for noko liv eller helse /Skadar for inntil 100 000

Kombinasjonen av sannsyn og eventuell konsekvens er samanstilt i denne risikomatrisa:

S4 Svært sannsynleg	S4/ K1	S4/ K2	S4/ K3	S4/ K4	S4/ K5
S3 Sannsynleg	S3/ K1	S3/ K2	S3/ K3	S3/ K4	S3/ K5
S2 Mindre sannsynleg	S2/ K1	S2/ K2	S2/ K3	S2/ K4	S2/ K5
S1 Usannsynleg	S1/ K1	S1/ K2	S1/ K3	S1/ K4	S1/ K5
Sannsyn	K1 Ufarleg	K2 Liten Konsekvens	K3 Alvorleg	K4 Kritisk	K5 Katastrofe
Konsekvens					

Fargekodane i matrisa gir eit uttrykk for om risikoen er akseptabel eller ikkje. Ein har nytta tre ulike fargekodar:

Ikkje akseptabelt	Uakseptabel risiko. Må undersøkast gjennom meir detaljerte analyser (for eventuelt å avkrefte risiko eller avklare moglege risikoreducerande tiltak).
Moglegvis akseptabelt	Tiltak kan gjennomførast for å redusera risikoen. Kost-nyttevurdering av risikoreducerande tiltak.
Akseptabelt	Akseptabel risiko i utgangspunktet. Risikoreducerande tiltak gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Dersom eit godkjent byggeområde i planen har hamna i ein eller fleire farekategoriar vil det vere naudsynt med tiltak. Byggeområdet må gjennom grundigare vurdering eller avbøtande tiltak reduserast til minst gul sone i samband med seinare reguleringsplan eller ved søknad om tiltak der det ikkje er sett krav om reguleringsplan.

Områder med fare, risiko eller sårbarheit er i planen merka som omsynssone og det er gitt føresegnar for å beskytte mot skade og tap slik lova føresett.

Av praktiske grunnar har ein ikkje inkludert heile ROS-matrisa i kvar analyse. Under følgjer eit døme på korleis det har blitt løyst:

Hending		Vurdering				Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons	Risiko	
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Ja	2	1/2/2	2 4 4	Aktsemdsområde flaum. Må ta omsyn ved omregulering.
	Sterk vind - storm/orkan	Ja	3	1/2/3	3 6 9	Området kan vere utsett for hardt ver og storm. Bygningar må tåle forholda.
	Havnivåstigning og stormflo	Ja	3	1/2/1	3 6 3	Omregulering må ta omsyn til gitte nivå for havnivåstigning og stormflo (jf. DSB 2016).
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei				

Har hendinga relevans for området?

Kva type hending:


Kva er sannsynet for at hendinga oppstår i området?

Konsekvensane for hendinga delt inn i kategoriane Menneske, Ytre Miljø og Materielle skadar.

Risikoen er resultatet av sannsynet og risikoen kombinert. Fargekodane reflekterer om risikoen er akseptabel eller ikkje.

Kommentar/tiltak til gjeldande hending.

Kommunen har blitt delt opp i sju delområder: Etnesjøen, Litledalen, Skånevik, Skåneviksstranda, Stordalen og Åkrafjorden. Grensene er satt etter grunnkretsar. Nokre grunnkretsar er slått saman for å få meir hensiktsmessige områder. Områdene nyttast primært for å halde oversikt – men òg som referanse for utforming av arealrekneskap. Arealrekneskap brukast som grunnlag og bakteppe for vurderingar gjort i kommuneplanprosessen. Konsekvensutgreiingane og ROS-analysane vil hovudsaklig bli presentert etter kategori.



Figur 2 Områder for konsekvensutgreiing Etne kommu

Sørstranda - Osvågen

KU OG ROS-ANALYSE

Justert føremål:	LNFS
Føremål i dagens plan:	LNFS, LNF, Bustad
Område:	Sørstranda - Osvågen
Arealstorleik:	
Forslagsstilar:	Etne kommune, KPI 54 og KPI 128
Kort skildring:	Område for LNFS på Sørstranda - Osvågen



Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig		
Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	1	Delar av området ligg innanfor kjerneområde landbruk, men eigedomane er i hovudsak allereie bygd ut. Ingen ny utbygging på dyrka jord eller innmarksbeite.
Biologisk mangfald	1	Gråmåke, hvittryggspett, åkerrikse (1998), svartand (2017)
Landskap	-	
Kulturminne/kulturlandskap	1	Gravfeltet på Ve er teke omsyn til med 20 m omsynssone.
Rekreasjon og friluftsliv	-	
Barn og unge	-	

Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema		Konsekvens					Kommentar/tiltak
		-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			X			
	Trafikkavvikling		X				Kommunevegen er smal og svingete, men det er planlagt fem punktutbetringar i 2022.
	Trafikktryggleik		X				Området manglar g/s – veg.
	Bustadutvikling				X		Populært bustadområde
	Sentrumsutvikling			X			
	Landbruk og fiske		X				Kjerneområde landbruk.
	Anna næringsutvikling			X			
	Friluftsområde			X			
	Opphaldsområde for barn			X			
	Tilgjenge/universell utforming			X			
Natu	100m-belte sjø/ vassdrag		X				Nokre område innanfor 100 – metersbeltet, men funksjonell strandsone ivaretar strandsonevernet.
	Naturmangfald			X			Ingen konflikt med artane som er nemnt ovanfor.
	Landskap			X			Bustadstruktur over eit stort område.
	Kulturminne/ landskap		X				Gravfeltet på Ve er teke omsyn til med 20 m omsynssone.
	Forureining			X			
	Støy			X			

Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

 Akseptabel risiko
Tiltak om mulig

 Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast

 Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering								Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons			Risiko			
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Ja	3	2	2	2	6	6	6	Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for flaum må greiast ut i høve til naturfare i samband med byggesaka. Ikkje tatt med nye utbyggingsområde innanfor aktsemdområda. Gjeld eksisterande.
	Sterk vind - storm/orkan	Nei								
	Havnivåstigning. og stormflo	Ja	3	1	2	2	3	6	6	Nye tiltak langs sjø må ta omsyn til forventna havnivåstiging. Avklarast i byggesaka. Berre relevant for ein mindre del av området.
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Ja	2	3	3	3	6	6	6	Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for skred / marin grense må greiast ut i høve til naturfare i samband med byggesaka. Ikkje tatt med nye utbyggingsområde innanfor aktsemdområda. Gjeld eksisterande.
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrengformasjon som utgjør særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osv.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								

Samla vurdering og konklusjon:

Sørstranda og Osvågen er populære områder for bustadar og fritidsbustadar, og det er viktig med gode og attraktive tomtereservar i desse områda. Tomtereservane er summen av regulerte tomter, tomter som i arealdelen til kommuneplanen er avsett til bustadføre mål og tomter som ligg i område for LNFS med tilhøyrande kvote.

Det er fire mindre reguleringsplanar innanfor området, og ved gjennomgang av planane vart det estimert om lag 14 ledige bustadtomter og 2 ledige tomter for fritidsbustadar. Truleg er det reelle talet noko lågare då det kan vere tomter som av ulike grunnar ikkje lar seg bygge på eller som ikkje lenger vert rekna som attraktive. Dette gjeld spesielt for dei eldre reguleringsplanane der tomter ikkje har blitt seld på fleire tiår. Nokre tomter er truleg også forbeholdt familie og vert kanskje aldri lagt ut for sal.

To av reguleringsplanane, Frydenlund og Vee, er knytt til eit større samanhengande bustadområde som ligg inne i eksisterande kommuneplan. I ny kommuneplan har administrasjonen valt å redusere bustadområdet noko, men vidareføre området som ligg mellom dei to planane. Ein grovt estimat seier at det kan vere plass til 5 – 6 nye tomter her noko avhengig av storleik og terreng. Utbygging i dette området vil krevje reguleringsplan dersom det skal byggast fleire enn 3 einingar.

I tillegg ser administrasjonen det som naudsynt å supplere med kvotar for utbygging i LNFS områda. Dette vil mellom anna opne for at eksisterande ubebygde tomter som ligg i LNFS kan byggast ut utan dispensasjon, samt fortetting på eksisterande tomter der det er høve. Det vert også lagt inn noko areal der det kan delast frå nye tomter, jf. KPI 54 som omhandlar tomter for fritidsbustadar og gnr. 20 bnr. 158 der sistnemnte går frå å arealføremålet bustad i eksisterande kommuneplan til LNFS i ny kommuneplan.

Sørstranda – Osvågen er også eit landbruksområde der store delar av området er markert som kjerneområde landbruk. Landbruksinteressene er mellom anna tatt i vare ved at ein

Funksjonell strandsone tar i vare strandsonevernet der det vert opna opp for bygging innanfor 100 – metersbeltet.

Administrasjonen tilrår arealføremålet og ei kvote på 10 nye bustadar og 10 nye fritidsbustadar i planperioden.


UNDER: Utklipp frå plankartet som syner område for LNFS. Pkt. 1 syner eksempel på husrekkje der funksjonell strandsone opnar opp for at ein kan byggje sidevegs og bakover. Pkt 2. Syner område der det er rom for oppføring av nye fritidsbustadar. Pkt. 3 syner område der det er rom for oppføring av nye bustadar.




UNDER: Utklipp frå markslagskart. Pkt. 4 syner konflikt mellom LNFS og fulldyrka jord i markslagskartet (719 m2). Ei løysing er å korrigere område for LNFS i høve til markslagskartet og fulldyrka jord.




UNDER: Utklipp frå plankartet som syner område for LNFS. Pkt. 5 syner bustadområde som vert vidareført frå eksisterande kommuneplan. Nord for området ligg tre nye tomter for fritidsbustadar som det nyleg er innvilga dispensasjon for. Pkt. 6 syner korleis gravfeltet vert tatt i vare ved at formålsgrense mellom LNF og LNFS er teikna 20 m frå gravfeltet.




UNDER: Utklipp frå markslagskartet som syner konflikt mellom LNFS og markslagskartet Pkt. 7 = 3,4 da og Pkt. 8 = 1 da. Her har administrasjonen korrigert pkt. 7 noko for LNFS i høve til markslagskartet og fulldyrka jord.



UNDER: Utklipp frå plankartet som syner LNFS. Pkt. 9 syner eit område som er avsett til bustadområde i kommunedelplanen for Etnesjøen, men som er føreslått teke ut då det ligg om lag 2,5 da fulldyrka jord innanfor området. Styringsgruppa får ta stilling til om dette er rett avgjerd.



UNDER: Utklipp som syner kjerneområde landbruk:



Osnes - Matskor

KU OG ROS-ANALYSE

Justert føremål:	LNFS
Føremål i dagens plan:	LNFS, LNF
Område:	Osnes - Matskor
Arealstorleik:	
Forslagsstiller:	Etne kommune
Kort skildring:	LNFS i området Osnes - Matskor



Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	2	Kjerneområde landbruk, men all utbygging vil bli på eksisterande tomter.
Biologisk mangfald	-	Ikkje treff i miljødirektoratet sin base
Landskap	-	
Kulturminne/kulturlandskap	-	
Rekreasjon og friluftsliv	-	LS2_1 ligg i nærleiken av Ola Vik, men likevel utanfor.
Barn og unge	-	

Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema		Konsekvens					Kommentar/tiltak
		-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			X			
	Trafikkavvikling				X		I nærleiken av E134.
	Trafikktryggleik				X		G/s-veg er allerie opparbeid i områda det vert lagt opp til fortetting.
	Bustadutvikling				X		Positivt med bustadar i gåavstand til sentrumsfunksjonar
	Sentrumsutvikling			X			
	Landbruk og fiske		X				Kjerneområde landbruk, men eventuell fortetting vil skjå på frådelte tomter. Dyrka jord, men dette er inne på ei bebygd tomt.
	Anna næringsutvikling			X			
	Friluftsområde			X			
	Opphaldsområde for barn			X			
	Tilgjenge/universell utforming			X			
Nat	100m-belte sjø/ vassdrag		X				Hyttetomta ligg innanfor 100-metersbeltet, men likevel bak andre hytter.
	Naturmangfald			X			
	Landskap			X			
	Kulturminne/ landskap			X			
	Forureining				X		
	Støy				X		

Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

 Akseptabel risiko
Tiltak om mulig

 Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast

 Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering							Kommentar/tiltak	
		Relevans	Sannsyn		Kons			Risiko		
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Nei								
	Sterk vind - storm/orkan	Nei								
	Havnivåstigning. og stormflo	Nei								
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Ja	2	3	3	3	6	6	6	Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for skred / marin grense må greiast ut i høve til naturfare i samband med byggesaka. Ikkje tatt med nye utbyggingsområde innanfor aktsemdområda. Gjeld eksisterande.
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrengformasjon som utgjer særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb.	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								

Samla vurdering og konklusjon:

Osnes og Matskor er populære områder for bustadar og fritidsbustadar, og det er viktig med gode og attraktive tomtereservar i desse områda. Spesielt gunstig då områda ligg i gåavstand til sentrum.


Det er fire reguleringsplanar innanfor området, og ved gjennomgang av planane vart det estimert om lag 4 ledige bustadtomter og ingen ledige tomter for fritidsbustadar. Tre av dei ledige tomtene ligg i bustadfeltet Osnes 2 som er eit relativt nytt bustadfelt. Det er såleis grunn til å tru at også desse vil bli bygd ut i løpet av relativt kort tid.

Det er avsett eit større bustadområde på gnr. 11 bnr. 1. Dette arealet er vidareført frå gjeldande kommuneplan, men utforminga på området er justert i ny plan. Utbygginga av dette feltet vil vere viktig for kommunen på sikt, men ligg truleg mange år fram i tid. I tillegg er det sett av areal til eit mindre bustadområde aust for bustadfeltet Osnes 1. Plasseringa er gunstig då det allereie er bygd ut veg og g/s- veg i samband med dei to andre felta.


I tillegg til desse bustadområda ser administrasjonen det som naudsynt å supplere med nokre kvotar for utbygging av bustadar i områda for LNFS. Administrasjonen er kjend med at det er ønske om fortetting på to eksisterande bustadtomter som begge ligg i gåavstand til sentrum. Den eine bustadeigedom som ønskjer å fortette med inntil to bustadtomter er registrert med fulldyrka jord inne på eigedom. Grunneigar seier sjølv at arealet tener som hage for bustadeigedom, og at han slår graset med plenkløppar. I dette tilfellet meiner såleis administrasjonen at det kan forsvare å nytte areal som er vist som fulldyrka jord til bustadbygging.

Administrasjonen tilrår arealføremålet og ei kvote på 1 ny fritidsbustad og 6 nye bustadar i planperioden.


UNDER: Utsnitt som syner område for LNFS. Pkt. 1 syner ei ubebygd hyttetomt. Det bør leggjast inn ein kvote slik at denne kan byggjast ut.



UNDER: Pkt. 2 og pkt. 3 syner eksisterande bustadtomter der det er ønskjeleg med fortetting.



UNDER: Utsnitt frå markslagskartet. Pkt. 4 syner ein eigedom der administrasjonen har korrigert LNFS i samsvar med markslagskartet som syner fulldyrka jord og innmarksbeite på store delar av eigedomen. Pkt. 5 syner ein eigedom med fulldyrka jord (2,2 da) der administrasjonen meiner at arealet framstår meir som del av bustaden siin hage, og at det difor bør vere mogleg opne opp for fortetting på denne eigedomen.



Etnesjøen

KU OG ROS-ANALYSE

Justert føremål:	LNFS
Føremål i dagens plan:	LNF
Område:	Gnr. 6, 7, 10, 32 m. fl. Bnr.
Arealstorleik:	
Forslagsstillar:	Etne kommune
Kort skildring:	LNFS i området Etnesjøen



Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig		
Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	2	Viktig landbruksområde og kjerneområde landbruk, men i hovudsak berre tale om å endre arealføremålet på eigedomar som er bebygde. Ingen tiltak på dyrka jord / innmarksbeite.
Biologisk mangfald	-	Ikkje treff i databasen til miljødirektoratet.
Landskap	1	Kulturlandskap med spreidd utbygging av bustadar.
Kulturminne/kulturlandskap	1	Ålborgshaugen ligg i nærleiken og to område med registrert busetningsaktivitet, men avstand er minimum 50 m.
Rekreasjon og friluftsliv	0	
Barn og unge	0	

Konsekvensutgreiing (KU):

Tema		Konsekvens					Kommentar/tiltak
		-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			X			
	Trafikkavvikling			X			Ingen endring i høve til vegsituasjonen.
	Trafikktryggleik			X			Ikkje g/s, men ferdslø på private småveggar fram til E134 der det er g/s-veg.
	Bustadutvikling				X		Enklare for bustadeigarar å oppgradere eigen bustad.
	Sentrumsutvikling				X		Sentrumsnært område
	Landbruk og fiske		X				Viktig landbruksområde, kjerneområde landbruk, men ingen utbygging på dyrka jord / innmarksbeite.
	Anna næringsutvikling			X			
	Friluftsområde			X			
	Opphaldsområde for barn			X			
	Tilgjenge/universell utforming			X			
Nat	100m-belte sjø/ vassdrag			X			
	Naturmangfald			X			Ikkje treff i database hos miljødirektoratet.
	Landskap				X		Kulturlandskap
	Kulturminne/ landskap			X			
	Forureining				X		
	Støy				X		

Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

Akseptabel risiko
Tiltak om mulig

Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast

Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering								Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons			Risiko			
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Ja	3	2	2	2	6	6	6	Ein mindre del av området ligg inntil aktsemdområdet for flaum for Etneelva. Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for flaum må greiast ut i høve til naturfare i samband med byggesaka. Gjeld eksisterande.
	Sterk vind - storm/orkan	Nei								
	Havnivåstigning. og stormflo	Nei								
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Nei	2	3	3	3	6	6	6	Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred må greiast ut i høve til naturfare i samband med byggesaka. Gjeld eksisterande. Under marin grense.
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrengformasjon som utgjer særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb.	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								


Samla vurdering og konklusjon:

Den samla bustadreserven i området er god med mellom anna mange ledige tomter i Fitjafeltet, Sæbøvika vest og Kambe. Administrasjonen er også kjend med at det er planar om eit større leileghetskompleks på kaien i sentrum.

Området rundt Etnesjøen er eit viktig landbruksområde og det vert ikkje opna for nye bustad/fritidsbustad kvoter innanfor dette området. Unntaket er kvote på eit bustadhus i LS3_5 dersom det vert vedteke å leggje inn dette arealet som LNFS i arealdelen til kommuneplanen. Føremålet med LNFS i området Etnesjøen er å forenkle søknadsprosessen for eigarar av eksisterande bustadeigedomar ved å opne opp for bygging etter dei same byggereglane som for arealføremålet bustad. Etter administrasjonen si vurdering vil ei endring i arealføremålet frå LNF til LNFS for desse eigedomane ikkje endre på vegbelastninga og vil ei heller føre til konflikt i høve til landbruksinteressene.

Administrasjonen tilrår arealføremålet.

UNDER: Utklipp frå plankartet som syner LNFS i området Etnesjøen. Pkt. 1, 2 og 3 syner Ålborgshaugen og to andre kulturminne.



UNDER: Utklipp frå markslagskart som syner kvar der er fulldyrka jord i nærleiken. Pkt. 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10 og 11 syner eigedomane som er føreslått endra til LNFS. Pkt. 9 syner LS3_4 som vert handsama i eiga sak.



Midtbygda og Sørbygda

KU OG ROS-ANALYSE

Justert føremål:	LNFS
Føremål i dagens plan:	LNFS, LNF
Område:	Midtbygda og Sørbygda
Arealstorleik:	
Forslagsstillar:	Etna kommune
Kort skildring:	LNFS i områda Midtbygda og Sørbygda



Noverande verdiar knytt til samfunn og miljø:

0-1: lokalt viktig 2: viktig 3: regionalt eller nasjonalt viktig

Tema	Verdi	Merknad/grunngeving
Landbruk og fiske	2	Viktig landbruksområde, men hovudsakleg berre tale om eksisterande busetnad.
Biologisk mangfald	1	Elvemusling i Sørrelva og Nordelva, men ingen utbygging innanfor 100 metersbeltet til verna vassdrag utan søknadsprosess.
Landskap	1	Kulturlandskap
Kulturminne/kulturlandskap	2	Fleire kulturminne, men desse er tatt i vare ved å trekkje formålsgrensa 20 m vekk frå kulturminnet. Ikkje LNFS innanfor fredingsområdet.
Rekreasjon og friluftsliv	-	
Barn og unge	1	Det ligg ein barnehage innanfor området.

Konsekvensutgreiing (KU):

-2: svært negativ -1: negativ 0: ingen konsekvens +1: positiv +2: svært positiv

Tema		Konsekvens					Kommentar/tiltak
		-2	-1	0	+1	+2	
Samfunn	Overordna planar			X			
	Trafikkavvikling			X			
	Trafikktryggleik			X			
	Bustadutvikling				X		Enklare for eigarar å oppgradere eksisterande bustadar.
	Sentrumsutvikling			X			
	Landbruk og fiske		X				Ligg i eit viktig landbruksområde, men det vert ikkje lagt opp til frådelling av nye tomter. Berre bygging på eksisterande.
	Anna næringsutvikling			X			
	Friluftsområde			X			
	Opphaldsområde for barn			X			
	Tilgjenge/universell utforming			X			
Natur	100m-belte sjø/ vassdrag		X				Ein del av området ligg innanfor 100-metersbeltet til vernavassdrag, men her gjeld byggegrensa.
	Naturmangfald		X				Elvemusling, men ikkje utbygging innanfor byggegrense utan søknadsprosess.
	Landskap		X				Kulturlandskap.
	Kulturminne/ landskap		X				Mange kulturminne, men formålsgrensa er sett 20 m frå.
	Forureining			X			
	Støy			X			

Risiko- og sårbarhetsvurdering (ROS):

 Akseptabel risiko
Tiltak om mulig

 Tiltak for å redusere risiko så mykje som råd skal gjerast

 Uakseptabel risiko - Tiltak evt. detaljert ROS

Hending		Vurdering								Kommentar/tiltak
		Relevans	Sannsyn	Kons			Risiko			
Naturfare	Ekstrem nedbør - flaum/overvatn	Ja	3	2	2	2	6	6	6	Nye tiltak som kjem innanfor aktsemdområde for flaum må greiast ut i samband med byggesaka.
	Sterk vind - storm/orkan	Nei								
	Havnivåstigning. og stormflo	Nei								
	Skred: kvikkleire, jord, sørpe, snø, stein og flaum	Ja	2	3	3	3	6	6	6	Nye tiltak som ligg innanfor aktsemdområde for skred må greiast ut i samband med byggesaka. Under marin grense.
	Erosjon/isgang	Nei								
	Skogbrann	Nei								
	Terrengformasjon som utgjær særleg fare	Nei								
	Radonstråling	Nei								
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikalier, eksplosive varer osb.	Nei								
	Forureinande/støyande verksemd	Nei								
	Storbrann- tilgjenge for naudetat	Nei								
	Trafikkulukker - tilgjenge for naudetat	Nei								
	Øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osb.	Nei								
	Samlokaliseringsproblem	Nei								
	Sårbare objekt	Nei								
	Stråling frå kraftliner	Nei								
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Nei								
	Smittefare	Nei								

Samla vurdering og konklusjon:

Bustadreserven for desse områda er i hovudsak knytt til bustadfeltet på Rygg med ledig kapasitet på om lag 5 da som tilsvarer 4 – 5 tomter. Området ligg også tett på Etnesjøen som har god kapasitet på regulerte bustadtomter.

Midtbygda og Sørbygda er viktige landbruksområder i kommunen (kjerneområde landbruk, temakart), og det er difor viktig å verne om landbruksinteressene. Områda er også rike på kulturminne som må takast vare på. Til dømes pågår det ei fredningssak på Stødleterrassen, men det er ikkje lagt opp til område for LNFS innanfor fredningsområdet.

Føremålet med LNFS i området Midtbygda og Sørbygda er i hovudsak å forenkle søknadsprosessen for eigarar av eksisterande bustadeigedomar og fritidseigedomar ved å opne opp at ein kan bygge etter generelle byggereglar og føresegnene som gjeld for LNFS. Etter administrasjonen si vurdering vil ei endring i arealføremålet frå LNF til LNFS for desse eigedomane ikkje føre til konflikt i høve til landbruksinteressene.

Det er også fleire frådelt og ubebygde tomter innanfor området som det er naturleg å gje status som LNFS. Administrasjonen meiner såleis at det er fornuftig å supplere tomtereservane med nokre kvoter for bustadar og fritidsbustadar slik at nokre av dei eksisterande tomtene kan byggast ut. Eventuelt opne for fortetting der det er høve for dette.


Det er gjort funn av elvemusling i elva, men byggegrense langs verna vassdrag (100 m) hindrar utbygging tett på vassdraget.

Administrasjonen tilrår arealføremålet og ei kvote på 5 nye bustadar og 3 nye fritidsbustadar i planperioden.


UNDER: Utklipp frå plankartet som syner område for LNFS på Fossa indre, Fossa ytre, Mo, Steine og Rygg. Pkt. 1 syner eigedom som per dags dato er bandlagt grunna sideveg til ny E134. Administrasjonen meiner at eigedomen likevel kan leggjast inn som LNFS, men SVV vil få høve til å uttale seg under offentleg høyring. Pkt. 2 syner eksempel på husrekkje som ligg innanfor byggegrense til fylkesveg og som vil vere avhengig av dispensasjon dersom det skal byggast noko innanfor byggegrensa (50 m i veglova). Den eine tomte i rekkja er markert som fulldyrka jord i markslagskartet og er difor ikkje gjort om til LNFS. Pkt. 3 syner eigedomar som delvis ligg innanfor byggegrense langs verna vassdrag (100 m byggegrense). Ingen konflikt med markslagskartet.




